



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

**Miljøvernavdelinga**

**Forvaltningsplan for  
Vågstranda plantefredingsområde  
Rauma kommune**



Rapport 2012:13

*Oversiktsbildet på framsida viser Vågstranda plantefredingsområde i Rauma kommune (foto: Øyvind Leren).*

Endringar gjort 30. januar 2013 (endringar i kursiv)

- Endring av kap. 3.7, andre avsnitt side 18:  
«Det er i følgje forskrifta ikkje lov å sette opp nye bygningar, anlegg og faste innretningar. Opparbeiding av veg etter vegrett på *gnr188 bnr1, gnr188 bnr2 og gnr188 bnr3* er tillate utan søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Motorisert ferdsel i samband med eit slikt tiltak må det derimot søkast om. *Opparbeiding av veg må behandles etter plan- og bygningsloven.* Vedlikehald av brua og vegen tilhøyrande *gnr188 bnr1, gnr188 bnr2 og gnr188 bnr3* kan i samsvar med § 4 i verneforskrifta også gjennomførast utan søknad. Om vedlikehaldet inneber køyring utanom vegen, skal det søkast om løyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.»
- Endring av Fylkesmannen sin innspelvurdering under punkt 3, andre setning side 38:  
«*Vedlikehald av vegen og brua går inn under denne paragrafen, og er dermed tillatt utan søknad for eigedomane med dokumentert vegrett.*»
- Endring av Fylkesmannen sin innspelvurdering under punkt 3, siste setning side 38:  
«*Vi vil derfor gå inn for å endre verneforskrifta slik at det blir unntak for motorferdsel på vegen for eigedomane med dokumentert vegrett.*»

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
**Fylkeshuset**  
**6404 MOLDE**  
[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

**Rapport nr:**

2012:13

**Dato:**

28.12.2012

**Tittel:**

FORVALTINGSPLAN FOR VÅGSTRANDA PLANEFREDINGSOMRÅDE

**Forfattar:**

Jorunn Mittet Eriksen, miljøvernnavdelinga, fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenningsvedtak:**

I medhald i forskrift av 08.11.2002 om freding av Vågstranda plantefredingsområde, Rauma kommune, § 8, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjent forvaltningsplanen.

**Referat:**

Vågstranda plantefredingsområde blei verna i 2002 som ein del av verneplan havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Området er vernet for å ta vare på ein brakkvasspoll, som er ein sjeldsynt naturtype med fleire sjeldsynte plantesamfunn. For å ta vare på desse verdiane er det vedteke verneforskrift for området. Denne forvaltningsplanen skal utdjupe kva som er tillate og kva som er forbode gjennom forskrifter. Planen skal vidare kartlegge verneverdiane, samt definere bevaringsmål og tiltaksbehov. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltingsstyretemakt for plantefredingsområdet.

Dei viktigaste verneverdiane til Vågstranda plantefredingsområde er sjølve brakkvasspollen, som er ein sjeldan naturtype, samt flotte førekommstar av strandengene opne med beiteaktivitet eller slått. Brakkvasspollen skal regelmessig overvakast med vassprøver. I tillegg må vi hindre at framande artar etablerer seg i reservatet, gjennomføre regelmessige søppelryddingar og utarbeide tilgjengeleg informasjon om verneverdiane i området.

Forvaltningsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

<b>Emneord:</b> Naturvern, naturkvalitet, forvaltningsmål, bevaringsmål, skjøtsel.	ISBN (Nett utgåve): 978-82-7430-262-4 ISSN: 1891-876X
 _____ Ulf Lucasen Seksjonssjef	 _____ Lindis Nerbø Direktør miljøvernnavdelinga

## **Innhold**

1 INNLEIING .....	6
2 SKILDRING OG STATUS .....	7
2.1 Områdeskildring .....	7
2.2 Eigedomsforhold .....	8
2.3 Brukshistorie.....	8
2.4 Naturfaglege verdiar .....	8
2.4.1. Vegetasjon.....	8
2.4.2. Fugle- og dyreliv .....	9
2.4.3. Truslar.....	10
2.6 Bevaringsmål .....	11
2.6.1 Strandeng og strandsump .....	11
2.6.2 Stadeige biologisk mangfold.....	12
2.6.3 Vasskvalitet i brakkvasspollen .....	12
2.6.4 Kulturmarkseng .....	13
3 BRUKARINTERESSER .....	15
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	15
3.2 Jordbruk og skogbruk .....	15
3.3 Hausting av artar .....	16
3.4 Turisme og friluftsliv.....	16
3.5 Undervisning og forsking.....	17
3.6 Akvakultur og havbruk .....	18
3.7 Bygningar og tekniske inngrep .....	18
4 FORVALTNINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	19
4.1 Skjøtsel .....	19
4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar .....	19
4.3 Informasjon og tilrettelegging.....	19
4.4 Oppsyn.....	21
5 SAKSHANDSAMING .....	22
5.1 Forvalningsstyresmakt .....	22
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning .....	22
5.2.1 Verneforskrifta .....	22

5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova.....	22
5.2.3 Forholdet til anna lovverk .....	24
5.2.4 Utgreiing om unntaka frå verneforskrifta .....	24
5.2.5 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak .....	25
5.2.6 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta .....	26
5.2.7 Retningsliner for sakshandsaming.....	26
<b>6 FORVALTNINGSPLANENS SI GYLDIGHEIT.....</b>	<b>27</b>
<b>7 REFERANSAR.....</b>	<b>27</b>
Publikasjonar .....	27
Nettstader .....	27
Vedlegg 1 – Verneforskrift Vågstranda plantefredingsområde .....	28
Vedlegg 2 – Naturmangfaldlova .....	31
Vedlegg 3 - Kart over planlagte tiltak i Vågstranda plantefredingsområde .....	33
Vedlegg 4 - Kartutsnitt av naturtypefigurane i nordre del av Vågstranda plantefredingsområde ...	34
Vedlegg 5 - Kartutsnitt av naturtypefigurane i søndre del av Vågstranda plantefredingsområde ....	35
Vedlegg 6 – Informasjonstavle Vågstranda plantefredingsområde.....	36
Vedlegg 7 - Sakshandsaming for forvaltningsplan for Vågstranda plantefredingsområde .....	37

## 1 INNLEIING

Vågstranda plantefredingsområde i Rauma kommune (figur 1 og 2) vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 8.november 2002 som ein del av verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga er å ta vare på ein brakkvasspoll, som er ein sjeldsynt naturtype med fleire sjeldsynte plantesamfunn. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltningsstyremakt for Vågstranda plantefredingsområde.

Vågstranda plantefredingsområdet er ein nesten avsnørt brakkvasspoll med sterk tidevasstraum i utløpet. Lokaliteten ligg på sørsida av Romsdalsfjorden mellom Tresfjord og Måndalen. I verneområdet er det fine førekomstar av salt- og brakkvassengtyper. I nyare tid har området vore prega av attgroing. Dette gjer at det er behov for ein plan over forvaltninga av Vågstranda plantefredingsområde.

Forvaltningsplanar for verneområde lagast etter ein felles mal, men tilpassast kvart enkelt område og forskrift. Verneforskrifta sett rammene for forvaltningsplanen og planen kan difor ikkje utforme retningsliner som går ut over det som er heimla i verneforskrifta.



Figur 1: Vågstranda plantefredingsområde er ein nesten avsnørt brakkvasspoll, som er ein sjeldsyn naturtype med fleire sjeldsynte plantesamfunn. Foto: Øyvind Leren


Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Han skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningsliner for bruk, informasjon, skjøtsel og sakshandsaming. Planen skal gi ei skildring og

dokumentasjon av natur- og bruksinteresser i området, og med bakgrunn i denne informasjonen definere bevaringsmål. Vidare skal planen skildre naudsynte eller ønskja skjøtselstiltak, samt synleggjere ansvarsforhold og forvaltningsstyresmakt. Planen er ikke juridisk bindande, men gir retningsliner for forvaltninga av området.

## 2 SKILDRING OG STATUS

### 2.1 Områdeskildring

Vågstranda plantefredningsområde ligg på sørsida av Romsdalsfjorden mellom Tresfjord og Måndalen. Vernegrensa går rundt, og tett inntil vågen. Det totale arealet er på om lag 544 dekar. Av dette er 423 dekar sjøareal og 121 dekar landareal.



Figur 2: Vågstranda plantefredningsområde ligg i Rauma kommune på sørsida av Romsdalsfjorden mellom Tresfjord og Måndalen.

Området er ein nesten avsnørt brakkvasspoll med sterk tidevasstraum i utløpet. Med brakkvasspoll meiner vi eit sjøområde som ligg beskytta. Vassutskiftinga med opne sjøområde er stort sett begrensa til tidevasspåverknad. Vågen er 10 meter på det djupaste. Her trivst østers både naturleg og i produksjon. Strandengene er middels artsrike. Inst i vågen dannar Vågsværet ein liten vågos.

Heile 82,2 % av det totale arealet er vatn. Vidare er 4,9 % innmarksbeite, 4,3 % barskog, 4,3 % lauvskog og 2,4 % anna jorddekt fastmark. Området nyttast ein god del til friluftsliv, da særleg til spaserturar rundt vågen langs veg. Størstedelen av vegen er utafor verneområdet. Elles er det fiske- og badeaktivitet i området. Det er noko beiteaktivitet av sau og hest i området.

Det har vore østersproduksjon i vågen sida starten av 1900-talet. Av tekniske inngrep er det i tillegg kraftliner, restar av eit tidlegare østersoppdrett, to naust og restar av ei gammal demning.

## 2.2 Eigedomsforhold

I verneforskrifta er følgjande eigedommar lista opp innafor Vågstranda plantefredingsområde: 185/1, 186/1, 188/1,2 og 3, 189/1,2,3,4,6,7 og 8, 190/1,2,3,4,5 og 7, 191/1,2 og 3. Ved ein ny sjekk fann vi at desse eigedommane ikkje er innafor vernegrensene: 188/3, 189/7 og 8. Forskrifta vil bli retta opp.

## 2.3 Brukshistorie

Grunneigarar har heldt området i hevd i mange år. Området rundt vågen har lenge vore nytta til landbruk. Det har tidlegare vore slått i området, samt at det har vore høgare beiteaktivitet. Både sau og hest har beita her. På ein av eigedommane har det vore produksjon av juletrer. Det har vore yngeloppdrett av østers i Vågstrandpollen frå tidleg på 1900-talet og fram til i dag, med nokre års opphold. Området har også vore viktig til friluftsliv. Årleg arrangerast eit løpsarrangement som heiter Vågen rundt, og ein del av dette løpet går over bruva nord i reservatet.

## 2.4 Naturfaglege verdiar

### 2.4.1. Vegetasjon

Lengst nord i plantefredingsområdet ligg ei skjerma strandflate med mykje stein i strandengene som er dominerte av ulike salt- og brakkvassengtypar.

Området er middels artsrik og med utformingar av bakre brakkvassenger med blant anna musestorr-dominerte parti. Havbendel og salturt veks har lenger inn i fjordane enn nokon annan stad i fylket.

Vanlegaste vegetasjonstype er rustsivakseng.

Andre plantesamfunn her er fjøresaltgraseng, saltsiveng, raudsvingel-urteeng, fjørestorreq, musestorrbestand, pøylestorrpøl, gåsemurevoll og høgurtvoll med mjødurt og hundekjeks.

Området inst i vågen er dominert av store brakkvassenger. Engene er delt i to av ein framstikkande odde med or og furuskog. Også dette området er registrert som middels artsrikt, med mykje pøylestorr, ein god del grusstorr og saltstorr. Plantesamfunn her er saltsiveng, raudsvingeleng, fjøresivaks-bestand, krypkveineng, rustsivakseng, småsivakseng med musestorr, fjørestorreq, kvekevoll, gåsemurevoll og høgurt fleirårvoll med mjødurt og sløke.

Lokaliteten har uvanleg store brakkvassenger med fine soneringar mellom samfunnstypene.



Figur 3: Musestorr (*Carex serotina* spp. *pulchella*) veks i dei nordlege brakkvassengene aust for straumen.



**Figur 4: Botnen av vågen har fine og store førekommstar av strandenger.**

Dei siste åra har det vore auka attgroing i verneområdet. Rundt vågen gror det att med auka oppslag av trær. Gråor er den dominerande arten, men det er også innslag av bjørk, hassel, rogn, furu og gran.

Naturtypane i Vågstranda vart kartlagt sommaren 2012 av Miljøfagleg utredning AS, i samband med utarbeiding av forvaltningsplanen. Enkelte artsfunn vart også registrert. Den viktigaste natursystem-hovudtypen her er strandeng og strandsump (S7), men det finst også noko åker og kunstmarkseng (T3) og kulturmarkseng (T4), fastmarksskog (T23), fjøresoneskogsmark (strandskog) (S2), samt innslag av stein-, grus og sandstrand (S6), driftvoller (S3), konstruert fastmark (T2), strandberg (S5), nakent berg (T20) og elvelau (LD1-2) (sjå vedlegg 4 og 5). Av interessante funn vart det trekt fram ei kulturmarkseng i attgroing nedafor Brudeskaret. Denne enga burde vore utskilt som ein verdifull naturtype etter DN-håndbok 13 (2007), med verdi lokalt viktig. Enga treng restaurering.

Vågstranda blei av Nordisk Ministerråd (1984) plukka ut som eit av dei 10 mest verneverdige marine områda i Møre og Romsdal.

#### **2.4.2. Fugle- og dyreliv**

Vågstranda plantefredingsområde har vore ein viktig raste- og overvintringsplass for fuglar. Det er ei oppfatning at tal på fuglar har gått ned dei siste åra. Tidlegare var det hekkande måsar og terner på Skardholmen, og raustilk og vipe på Øyran. Fiskemåke og grågås har også hekka i området. Andre fuglar som er registrert er gråhegre, siland, sildemåke, rødstilk, tjeld, stokkand, storskav og ærfugl.

Vågselva har oppgang av laks og sjøaure. Vågstranda har naturleg reproduksjon av østers. Vågen er om lag 10 m djup og har alltid hatt god næringstilgang og dermed gode tilhøve for reproduksjon av østers. Inst i vågen er det fleire dammar som er viktige paddelokalitetar. Verneforskrifta for Vågstranda plantefredingsområde regulerer ikkje vern av vilt. Hausting og anna uttak av naturleg viltlevande dyr skal følgje av lov eller vedtak om heimel i lov. Unødig skade og liding på viltlevande dyr og deira reir, bo eller hi skal unngåast, jf. § 15 i naturmangfaldloven. Denne regelen er ikkje til hinder for lovleg ferdsel, landbruksverksemde eller anna verksemde som skjer i samsvar med aktsemeldplikta i § 6 i naturmangfaldloven. Vi viser også til §§ 4 og 5 i naturmangfaldloven (sjå vedlegg 2). Vedtak om å tillate hausting av vilt treffast med heimel i viltloven. Da verneforskrifta set rammar for utarbeidning av ein forvaltningsplan vil vi ikkje gå nærmare inn på fugle- og dyrelivet i denne planen. I ein dispensasjonssøknad skal effektane på både flora og fauna likevel vurderast, og ved dispensasjon til aktivitet i det aktuelle området må tiltaket vurderast opp mot blant anna paddelokalitetane.

#### 2.4.3. Truslar

Fysiske inngrep og forureining frå jordbruk, kloakk og anna utslepp utgjer dei største truslane for brakkvasspollar. Brakkvasspollar er generelt sårbare og trua miljø. Den låge vassutskiftinga gjer at vassforureining kan endre vegetasjonssamfunna heilt. Det er jordbruk tett inntil plantefredingsområdet.

Strandengene og området rundt er prega av attgroing. Når eit område gror att går man gjerne frå eit artsrikt samfunn til eit meir einsarta samfunn der nokre få artar blir dominante. Attgroinga er såleis ein trugsel for det biologiske mangfaldet i plantefredingsområdet.

Vågstranda plantefredingsområde har nokre innslag av framande artar. Kanadagås er registrert i verneområdet. Langs Vågselva er det eit rynkerosekratt, samt ein liten førekommst av kjempespringfrø (sjå kart i vedlegg 3 for lokalisering).

Lengst ut mot vågen på austsida veks klatreplanta *Ipomoea sp.* I



Figur 5: I botnen av vågen ligg det gammalt søppel.

følgje svartelista er ho vurdert til ikkje å kunne reproduksere i Noreg og skal såleis ikkje vere ein trussel for naturmangfaldet. For å vere føre var bør ho likevel fjernast. Det er registrert hagelupinar i sør. Norsk gran er også påvist i sør, men ikkje i stort omfang. Ein større trugsel er platanlønna, som er registrert i den sørlege delen av verneområdet, inntil lokalvegen mot Brudaskaret, samt inntil eit naust i nordre del. I nord er det også registrert hageiris. Dette er ein framand art som hittil ikkje ser

ut til å utgjere nokon eksisterande eller potensiell trugsel. Slirekne er derimot klassifisert med alvorligaste trussel i svartelista 2012, og er funne inntil ein liten sidebekk av elva heilt sør i verneområdet. Det er ikkje påvist om det er kjempeslirekne, hybridslirekne eller parkslirekne.

Forsøpling er ein annan trugsel mot verneverdiane. Det er registrert mykje søppel i verneområdet, både i sjølve vågen og langs land. Mykje av søppelet er av eldre dato og er relativt tunge gjenstandar. Særleg er dette eit problem langs fjæra lengst inn i vågen, samt nord for bruva ved utløpet til fjorden. Det skal prioriterast høgt å rydde vekk søppelet.

## 2.6 Bevaringsmål

### **Verneformålet, § 2:**

*Formålet med fredinga er å ta vare på ein brakkvasspoll, som er ein sjeldsynt naturtype med fleire sjeldsynte plantesamfunn.*

Verneformålet, som vist i boksen over, viser i hovudsak til kva **naturkvalitetar** ein ønskjer å bevare i verneområdet. Med naturkvalitet meiner vi naturtypar, artar, geologi og landskap som skal takast vare på i eit verneområde. For kvar naturkvalitet definerer vi eit **bevaringsmål**. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at ein naturkvalitet skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekommst av bestemte artar. Vi har laga bevaringsmål for fleire av naturkvalitetane som blei skildra i kapittel 2.4. For å definere naturkvalitetar og bevaringsmål er det naudsynt med kunnskap om naturtilstanden og utviklingstendensar i området. I denne planen er både eldre og nyare data nytta til å definere bevaringsmåla (sjå kapittel 2.7). Forvaltningsplanen skal først og fremst konkretisere verneformålet gjennom forvaltningsmål og bevaringsmål for verneområda. Verneformålet viser i hovudsak til kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet.

Generelt er det lite erfaring med bruk av bevaringsmål for naturkvalitetar i verneområde i Noreg. Det må difor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltningsplanen skal i tillegg reviderast kvart tiande år. Bevaringsmåla for Vågtranda plantefredingsområde er lista opp i tabell 1.

### 2.6.1 Strandeng og strandsump

Det er flotte førekomstar av naturtypen strandeng og strandsump i Vågstranda plantefredingsområde. Strandenger er generelt næringsrike og har eit eigenarta plantesamfunn på grunn av at dei blir oversvømt med saltvatn. Når saltvatnet strømmer inn over strandenga fører det med seg mineralpartikler, algar og anna organisk materiale som blir avleira når flaten igjen blir tørrlagt. Det organiske materialet rotnar med tida og gir dermed ein jamn tilførsel av næringsemne. Den største trugselen for strandenga vil vere attgroing og endra artssamansetting. Oppdyrkning, gjødsling og fysiske inngrep er andre trugslar. Det er ønskjeleg å få auka beite i verneområdet, og da særleg på strandengene. Det er ikkje beiteaktivitet i dag på dei viktigaste førekommstane av strandenger innafor verneområdet. Eit alternativ til beiting er slått.



Figur 6: Gjengroing er ein av dei største truslane til denne strandenga, som ligg inst i vågen i Vågstranda plantefredingsområde.

## 2.6.2 Stadeige biologisk mangfald

Framande artar er ein av trugsane mot det stadeigne biologiske mangfaldet i Vågstranda plantefredingsområde. Det vises til avsnittet «truslar» i kapittel 2.4 for skildring av framande artar i dette verneområdet. Søppel er også ein trugsel mot naturmangfaldet, og omtalast i same avsnitt som framande artar.

## 2.6.3 Vasskvalitet i brakkvasspollen


Ein brakkvasspoll er eit sjøområde som ligg beskytta. Vassutskiftinga med opne sjøområdet skjer ved flo og fjære. Det er både landbruksinteresser og næringsproduksjon i området. Dette til saman med dei viktige verneverdiane gjer at vasskvaliteten i pollen bør overvakast regelmessig. Gjennom arbeidet med vassdirektivet (les meir på <http://www.vannportalen.no>) skal det utarbeidast ein overvakingsplan for vassførekommstar i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil arbeide for at Vågstranda plantefredingsområde blir inkludert i denne planen, som er planlagt fullført i 2013. Om lokaliteten blir utvald kan man lettare få støtte til finansiering frå fleire hold, noko som aukar sjansane for god overvakning av vasskvaliteten i verneområdet. Aktuelle metodar for overvakning kan vere å undersøke planteplankton, botnsediment eller å ta kjemiske- og fysiske prøver som til dømes å måle oksygeninnhald.

## 2.6.4 Kulturmarkseng

Nedafor Brudeskaret på austsida av verneområde i sør, vart det i 2012 funne ein artsrik kulturmarkseng i attgroing som burde vere utskilt som ein verdifull naturtype etter DN-håndbok 13 (2007). I så tilfelle klassifisert med verdi lokalt viktig. Området er avhengig av tradisjonell hevd med ekstensivt beite for å oppretthalde naturverdi som artsrik naturbeitemark. Dette bevaringsmålet kom ikkje med på kartet i figur 7, men er markert som naturtypen T4 nedafor Brudaskaret i vedlegg 5.

**Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Vågstranda plantefredningsområde (sjå kart over bevaringsmål i figur 7. Bevaringsmål nr 5 er ikkje med på dette kartet men er markert som naturtypen T4 nedafor Brudaskaret i vedlegg 5).**

Mål nr	Naturkvalitet	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Tiltak	Overvaking og gjennomføring
1	Strandeng og strandsump (S7), austsida av Straumen	- Grad av attgroing -Førekomst av søppel	Oppretthalde eit areal på minimum 11 daa S7	-Beite/slått -Søppelrydding	SNO/FM/ Lokal org. eller skole
2	Strandeng og strandsump (S7), botnen av vågen	- Grad av attgroing -Førekomst av søppel	Oppretthalde eit areal på minimum 18 daa S7	-Beite/slått -Søppelrydding	SNO/FM/ Lokal org. eller skole
3	Stadeige biologisk mangfald, heile vågen	-Førekomst av framande artar -Førekomst av søppel	Halde området fritt for framande artar og søppel	-Fjerne førekomstar av framande artar -Søppelrydding	SNO/FM
4	Brakkvasspoll	-Vasskvalitet	Vatnet skal ha god tilstandsklasse	-Regelmessig prøvetaking (sjå 2.6.3) -Det skal jobbast for å få lokaliteten inn i miljøovervaking for vassførekomstar i Møre og Romsdal - Overvakning/eventuell fjerning av blåskjellbelte ved innløpet	FM/ Vassdirektivet/ Eksterne konsulentar
5	Kulturmarkseng (T4) nedafor Brudaskaret i sørleg del av verneområdet	-Grad av attgroing -Førekomst av framande artar	Oppretthalde eit areal på minimum 6,5 dekar T4	-Beite	FM/SNO



Figur 7: Bevaringsmål for Vågstranda plantefredingsområde. Dei ulike måla er spesifisert i tabell 1.

## 3 BRUKARINTERESSER

### 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta danner grunnlaget for kva aktivitetar som er tillate i Vågstranda plantefredingsområde. I dette kapittelet vil forskrifta bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene.

Forskrifta for Vågstranda plantefredingsområde er bygd opp som følgjer:

**§ 2:** Nemnar formålet med vernet

**§ 3:** Listar opp kva for aktivitetar som ikkje er lov innafor vernegrensa.

**§ 4:** Nemnar aktiviteter som er unntak frå forboda i § 3, det vil seie tillate utan søknad.

**§ 5:** Listar opp kva for aktivitetar og tiltak som det kan givast løyve til etter søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktivitetar som er nemnt i § 3, men ikkje som unntak i § 4 eller som ein søknadspliktig aktivitet i § 5 er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gi dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldloven. § 48 i naturmangfaldloven har erstatta dispensasjonsparagrafen § 7 i verneforskrifta. Tolking av verneforskrifta er nærmere omtala i kapittel 5.2. Verneforskrifta ligg som vedlegg 1.

Delkapitla under er delt inn i ulike brukarinteresser. Desse brukarinteressene er knytt opp mot gjeldande regelverk. Til slutt har vi definert dei viktigaste **forvalningsmåla** som går under kvart delkapittel. Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan også bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

### 3.2 Jordbruk og skogbruk

Av det totale arealet til Vågstranda plantefredingsområde er 4.9 % innmarksbeite, 4,3 % barskog og 4,3 % lauvskog. Under 1 % er dyrka mark.

På nokre få eigedommar går vernegrensa så vidt inn på dyrkamark. Verneforskrifta er ikkje til hinder for jordbruksdrift på eksisterande dyrka mark som var i bruk på fredingstidspunktet. Naudsynt motorferdsel knytt til dette er også lov. Gjødsling er lov på fulldyrka mark. Gjødsling er derimot ikkje tillate utanfor dyrka mark i følge forskrifta. Det er ikkje ønskjeleg å opne opp for dette heller, da det kan ha negativ verknad på mange konkurransesvake artar.

Det beitar sau og hest i området. Tradisjonelt har strandenger blitt utnytta til husdyrbeite, mest for storfe og hest, men også for sau. Slått har også vore vanleg. Tradisjonelt beite er direkte tillate i følge verneforskrifta. Inngjerding i samband med slikt beite er også lov. Fylkesmannen kan støtte finansieringa av gjerde om det bidrar til å fremme verneverdiane. Motorferdsel knytt til beiteaktivitet og inngjerding er derimot søknadspliktig. Beitetrykk må alltid vurderast mot potensiell trakkskade på vegetasjon og jordsmønn. Da verneområdet er prega av attgroing er det ønskjeleg med auka beiteaktivitet i reservatet. Dette for å halde dei høge urtene nede, og for å behalde mangfaldet i ulike

typar av strandeng. Tilleggsfôring inneber ein gradvis oppgjødsling og trakkskader, og må difor ikkje førekome på andre område enn fulldyrka mark. Aller helst i god avstand frå strandengene.

Det er lov å drifta og vedlikehalde grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet. Med vedlikehald forstår vi det som å oppretthalde den standarden som var på vernetidspunktet. Om det er naudsynt med motorferdsel knytt til dette arbeidet må det søkast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det kan også søkast fylkesmannen om etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Er det naudsynt med motorisert ferdsel i samband med dette arbeidet må det søkjast om løyve.

Når det gjeld uttak av ved, skal det søkjast skriftleg om løyve hos fylkesmannen. Vedtaket vil igjen sendast skriftleg frå fylkesmannen til søkjar, med eventuelle vilkår for korleis hogsten skal gjennomførast. I følgje forskrifta kan det gis løyve til eit avgrensa uttak. Det skal også søkast om fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta. Tynningshogst vil vere positivt for landskapet på Vågstranda, da området har vore under attgroing dei siste åra. Vi ser ikkje at slik hogst vil ha negativ effekt på verneverdiane. Hogstavfall og kvistar må leggast i god avstand frå flomålet slik at det ikkje blir frakta med vatnet og samlar seg i fjøra på andre eigedommar. Grunneigaren har rett på all hogstavfall om han/ho ønskjer det.

Likedan kan det søkast om avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk. Søknaden skal innehalde ønska kvantum, kart over kvar ein har tenkt uttaket, kjøretrasé og kva reiskap som er tenkt brukt. Mengde masse og påverknad på verneverdiane vil vektleggast i vurderinga. Det er også viktig at massane blir tatt ut under flomålet. Vi vil vere restriktive til å gi løyve om uttak av store mengder.

#### ***Forvaltningsmål for jordbruk og skogbruk***

- Det skal leggast til rette for høgare beiteaktivitet og/eller slått i plantefredingsområdet
- Det er positivt med hogst i verneområdet for å opne landskapet (men det må søkjast om)

### **3.3 Hausting av artar**

Sanking av bær og matsopp er lov i plantefredingsområdet. Om nokon ønskjer å hauste tang og tare må dette søkjast om. Verneforskrifta regulerer ikkje jakt og fiske.

### **3.4 Turisme og friluftsliv**

Området har i lang tid vore brukt til friluftsliv av både lokale og tilreisande. Årleg arrangerast *Vågen rundt*, som er eit løp rundt vågen. Løpet går over bruva litt sør for utløpet innafor verneområdet. Ved elveutløpet er det noko badeaktivitet.

Verneforskrifta går føre friluftslova og allemannsretten ved eventuelle motsetjingar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen vil naturen prioriterast over friluftsinteresser ved ei eventuell konflikt. Vi vil leggje til rette for friluftsliv så lenge det ikkje strir mot verneformålet.



Figur 8: Vågen rundt har vore eit årleg løpsarrangement i lang tid. Dette bildet er frå slutten av 1970/starten av 1980-talet, og er tatt frå Lundsøy. Foto: Privat, gitt til oss av Bitten Kvilekval.

#### ***Forvaltningsmål for turisme og friluftsliv***

- Det kan leggast til rette for friluftsliv som ikkje er i strid med verneformålet

Om nokon ønskjer å hauste tang og tare må dette søkjast om.

### **3.5 Undervisning og forsking**

Det har i liten grad vore tilrettelagt for undervisning i Vågstranda plantefredingsområde. Det er heller ikkje lagt til rette for god informasjon om verneområdet på noverande tidspunkt. Informasjon bør opp innafor reservatet (sjå vedlegg 3). Vi har starta arbeidet med å lage ein informasjonsplakat om verneverdiar og verneforskrift som skal vere godt synleg ved reservatet. Ein lokal organisasjon eller skolen bør involverast i ei avtale om søppelrydding i verneområdet. Tyngre gjenstandar kan ikkje inkluderast i ein eventuell avtale med skolen.

Bruk av plantefredingsområdet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement forbode. Det er likevel opna for å søke fylkesmannen om avgrensa bruk av reservatet til nemnte aktivitetar. Prosjekt som er i tråd med verneformålet, og som bidrar til auka forståing for verneverdiar og kulturminne bør det kunne gis løyve til. Skoleklassar/barnehagar på sporadisk besøk ikkje treng løyve.

#### ***Forvaltningsmål for undervisning og forsking***

- Det kan leggast til rette for undervisning, formidling og forsking innafor verneområdet så langt dette ikkje går ut over verneformålet
- Informasjonsplakatar om verneområdet skal skiftast ut.

### 3.6 Akvakultur og havbruk

Det er eit anlegg for østersproduksjon i verneområdet. Det kan søkjast om anlegg for produksjon av østers, om det er ønske om eit større omfang enn det var på vernetidspunktet. Royal Oysters AS fekk i 2011 løyve til produksjon på inntil 200 tonn konsumøsters i bøyestrekke.



Figur 9: Østersproduksjon med bøyestrekke over vågen i brakkvasspollen.

### 3.7 Bygningar og tekniske inngrep

Det er fleire tekniske inngrep i plantefredingsområdet i dag. Delvis innafor vernegrensa lengst nord i verneområdet står det att restar etter ei gammal demning. Litt lenger sør er det ei bru over vågen. På vestsida av pollen på eigedom 190/7 står eit naust. I tillegg er det restar av eit landbasert åleoppdrett og ei brygge yst på odden som delar strandengene i to ved utløpet av Vågselva. Det går også ein del kraftlinjer gjennom verneområdet.

Det er i følgje forskrifta ikkje lov å sette opp nye bygningar, anlegg og faste anretningar.

Opparbeiding av veg etter vegrett på gnr/bnr 188/1 til gnr/bnr 188/3 er tillate utan søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Motorisert ferdsel i samband med eit slikt tiltak må det derimot søkjast om. Vedlikehald av bruа og vegen tilhøyrande gnr/bnr 188/1 og 188/3 kan i følgje § 4 i verneforskrifta også gjennomførast utan søknad. Inneber vedlikehaldet motorferdsel utafor vegen, skal det søkjast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

I tillegg er det opna for søknad om etablering av anlegg for Kystverket.

#### *Forvaltningsmål for bygningar og tekniske inngrep*

- Vi skal vere restriktiv til oppføring av nye bygningar og tekniske inngrep i verneområdet

## **4 FORVALTNINGSOPPGÅVER OG TILTAK**

### **4.1 Skjøtsel**

Med skjøtsel meiner vi aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltningsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt sett i gong for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Lovheimel til skjøtselstiltak finst i naturmangfaldloven § 47. Om forvaltningsstyresmakta finn det naudsynt kan dei også nytte motoriserte køyretøy i samband med godkjente skjøtselstiltak.

Forvaltningsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarane å utføre skjøtselsoppgåver, men eit tett samarbeid mellom forvaltningsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og einsarta resultat i verneområda. All skjøtsel skal skje i regi av forvaltningsmyndigheita og Statens naturopsyn. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitetar skal skje utanom perioden da fuglane hekkar.

Skjøtsel i områda er heimla i verneforskrifta sin § 8, og tiltak lista i denne forvaltningsplanen konkretiserer dei aktuelle tiltaka som er naudsyne for å oppnå bevaringsmåla (sjå tabell 2).

### **4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar**

Det har ikkje vore systematiske og regelmessige kartleggingar av vegetasjonen i Vågstranda plantefredingsområde. Grunnlaget for denne planen baserer seg på ei vegetasjonskartlegging utført i 1986, samt ei ny kartlegging i 2012 (resultata frå den siste kartlegginga er ikkje med i høyringsutkastet men vil bli implementert i den endelige planen). Bevaringsmåla er difor grove og går ikkje på detaljar som plantesamfunn og artar. Likevel er dette grunnlaget godt nok til ei vurdering om kva som bør prioriterast og gjera av tiltak i tida framover.

Når det gjeld data om fuglar har vi henta informasjon som ligg inne på artskart og i naturbase, dette er både eldre og nyare data.

Området bør kartleggast på nytt før revidering av forvaltningsplanen. I tillegg skal naturkvalitetane overvakast kontinuerleg av fylkesmannen og SNO i tråd med bevaringsmåla i tabell 1 og tiltaka lista opp i tabell 2.

### **4.3 Informasjon og tilrettelegging**

Det skal settast opp to informasjonstavler i Vågstranda plantefredingsområde. Ei skal stå ved bruha litt sør for utløpet til vågen. Den andre skal stå ved parkeringsplassen rett sør for reservatet (sjå vedlegg 3).

Tabell 2: Oversikt over naudsynte tiltak i Vågstranda plantefredingsområde.

Tiltak	Ansvarleg	Prioritet	Fristar	Merknad
Søppelydding	FM/SNO	Høg	Kontinuerleg arbeid	Inngå avtale med lokal organisasjon eller skole. Fylkesmannen dekker utgiftar via bestillingsdialogen (DN). Tunge gjenstandar skal fjernast i samarbeid med SNO.
Fjerne etableringar av framande artar	FM/SNO	Høg	Kontinuerleg arbeid	Rynkerosekratt og kjempespringfrø ved utløpet til Vågselva. Slirekne, hagelupin og platanlønn. Elles kontinuerlig arbeid ved nye etableringar av framande artar.
Beittetiltak eller slått på strandengene	FM/grunneigarar	Høg	2014, kontinuerleg arbeid	Prioritere strandengene det er satt bevaringsmål for (sjå figur 7). Samarbeid FM/grunneigarar. FM kan bidra med finansiering av hjelpetiltak som inngjerding etc.
Informasjon -generelt informasjonsskilt	FM	Høg	2012	To informasjonstavler. Ein ved brua ved utløpet og ein ved parkeringsplassen sør for plantefredingsområdet (sjå vedlegg 3).
Prøvar av vasskvaliteten	FM via vassdirektivet	Høg	2014/2015	Det skal jobbast for at Vågstranda plantefredingsområde blir implementert i overvakingsplanen for vassområde i Møre og Romsdal.
Fjerne restane av demninga ved utløpet til fjorden	FM/Rauma kommune/ grunneigarar	Låg	2014	Demninga er delvis innafor reservatet. Om lag halvparten er utofaor. Representerer ein viss fare for småbåtar som køyrer inn og ut til vågen. Må gjeraast i samarbeid med andre aktørar.
Overvake/fjerne blåskjellbeltet ved innløpet til vågen	FM	Høg ved behov		



**Figur 10:** Det er behov for utskifting av informasjonstavler i Vågstranda plantefredingsområde. Foto: Jorunn Mittet Eriksen

#### 4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak blir etterlevd. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området blir følgt. SNO blir alltid orientert om det blir gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21.juni 1996 om statleg naturoppsyn, og avgrensa politimynde etter miljølovene (friluftsloven, naturmangfaldloven, motorferdsleloven,

kulturminneloven, viltloven, lakse- og innlandsfiskeloven og delar av forureiningsloven). I tillegg til kontrolloppgåvane etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka blir gjort i samråd med fylkesmannen.

## 5 SAKSHANDSAMING

### 5.1 Forvaltningsstypesmakt

Ansvaret for forvaltninga av Vågstranda plantefredingsområde involverer følgjande myndigheter:

- 1) **Miljøverndepartementet (MD)** er øvste myndighet for miljøforvaltninga i Noreg.  
Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedteke blir gjennomført. MD er overordna myndighet for forvaltninga av område verna etter naturmangfaldloven.
- 2) **Direktoratet for naturforvaltning (DN)** er øvste fagmyndighet for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvaltning av område verna etter naturmangfaldloven. DN avgjer kven som skal vere forvaltningsmyndighet for det enkelte verneområde. DN er klageinstans for vedtak som forvaltningsmyndigheten i det enkelte verneområdet har gjort. DN skal også veilede forvaltningsmyndigheiten i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltningsmyndighet for Vågstranda plantefredingsområde.
- 4) **Rauma kommune** er myndighet på fleire av de andre lovverka som er relevante innan fredingsområdet, til dømes plan- og bygningsloven og motorferdselsloven.

### 5.2 Lovverk, føringer og forvaltning

Den nye naturmangfaldloven trådde i kraft 1.juli 2009 og erstattar den gamle naturvernloven. Etter denne datoен skal Vågstranda plantefredingsområde forvaltast etter den nye loven. Forskrifta som blei vedtatt ved vern i 2002 gjeld fortsatt.

#### 5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremme verneformålet. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i samsvar med verneformålet. Om noko trugar verneverdiane, er det fylkesmannen sitt ansvar at naudsynte tiltak blir satt i gong. Forvaltninga av verneområdet skal skje med eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukerane og fylkesmannen. Forvaltningsplanen for Vågstranda plantefredingsområde er planlagt å bli revidert kvart 10. år for å fange opp eventuelle endringar i verneområdet.

Verneforskrifta for Vågstranda plantefredingsområde ligg som vedlegg 1.

#### 5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, og det skal gå fram av avgjerala korleis desse prinsippa

er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Vi viser til vedlegg 2 med naturmangfaldlova.

Prinsippa skal også brukast ved forvaltning av eksisterande verneområde, inkludert i forvaltningsplanar. Vi vil nedafor gjennomgå prinsippa som grunnlag for arbeidet med forvaltningsplanen, blant anna ved fastsetting av bevaringsmål og skjøtselstiltak.

#### Til § 8 om kunnskapsgrunnlaget

Offentlege vedtak som angår naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg, bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast. I denne forvaltningsplanen for Vågstranda plantefredingsområde er det lag til grunn eit kunnskapsgrunnlag frå eldre og nyare naturfaglege undersøkingar i området. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, blant anna i samband med vurdering av skjøtselstiltak. Ut frå kunnskapen vi har i dag, vil aktivitetane som vil skje i tråd med verneforskrifta, neppe ha negativ innverknad på artane og naturtypane som vi vil ta vare på gjennom vernet. Verneforskrifta er til hinder for aktivitetar som kan ha negativ effekt på verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeida innafor ramma av dei restriksjonar som er satt i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltningsplanen og oppfølging av denne med stor grad av sannsyn vil føre til ein positiv utvikling for artane og naturtypane i området, jf. naturmangfaldloven §§ 4 og 5.

#### Til § 9 om føre-var-prinsippet

Bevaringsmål og tiltak for å oppfylle desse er utarbeida på grunnlag av kunnskapen om verneverdiane og trugslane mot dei. Konsekvensane av forvaltnings- og skjøtselstiltaka i forhold til naturmangfaldet er godt kjent. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg i denne saka, slik at det liten fare for at tiltaka vil ha ukjente konsekvensar for verneverdiane.

#### Til § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Dei tiltaka som foreslåast i planen vil generelt ha positiv effekt for samla belastning på økosistema og verneverdiane i området. Forvaltningsplanen gir nærmere retningsliner for aktivitetar som er tillate i naturreservatet innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldloven. Vurdering av den enkelte aktivitet i forhold til samla belastning i verneområdet, vil vere relevant ved vurdering av søknader om dispensasjoner frå verneforskrifta. I samband med forvaltningsplanen er det utarbeida nærmere bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gi eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området.

#### Til § 11 om at kostnadene ved miljøferringelse skal bæres av tiltakshaver

Forvaltnings- og skjøtselstiltaka skal gjerast for å hindre forringing av verneverdiane primært på grunn av attgroing eller uheldig ferdsel. Naudsynte kostnader til dette må bæres av staten.

#### Til § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Tilrådde lokaliseringar og teknikkar for gjennomføring av dei konkrete tiltaka vil etter vår vurdering gi det beste samfunnsmessige resultatet.

### 5.2.3 Forholdet til anna lovverk

Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldloven går føre andre lovar eller forskrifter. Det er også viktig å merke seg at anna regelverk gjeld i tillegg til verneforskriftene i område verna etter naturmangfaldloven. Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfelle vere naudsynt med både dispensasjon frå motorferdselsloven og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldloven. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare føringar angåande bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er difor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir behandla av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldloven endrar ikkje rådighetsutøvinga utanfor verneområdet.

### 5.2.4 Utgreiing om unntaka frå verneforskrifta

I § 4 i forskrifta er det lista opp ulike aktivitetar og tiltak som er unntak frå vernereglane. Det vil seie at dette vil vere tillate utan å söke forvalningsstyresmakta om løyve. For å sikre ein konsekvent og føreseileg forvaltning for ulike brukarinteresser vil vi omtale desse nærmare. Vi konkretiserer innhaldet i dei tilfelle det kan oppstå tvil om korleis man skal tolke unntaka.

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- **§ 4.1** Dette punktet omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvalningsstyresmakta. Unntaket gjeld heller ikkje øving for dei aktuelle formåla.
- **§ 4.2** stadfester at drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som var i bruk på fredningstidspunktet er lov. Det er likevel ønskjeleg at det blir gjort i samarbeid med fylkesmannen slik at vi kan sikre at det blir tatt omsyn til verneverdiane. Om det skal nyttast motorkøyretøy i samband med slikt arbeid skal det søkjast fylkesmannen om løyve.
- **§ 4.3** er ein referanse til friluftslivloven, som stadfester allemannsretten.
- **§ 4.4** opnar for tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan regulere beitetrykket slik at det er i tråd med verneformålet. Både auka og redusert beitetrykk kan vere aktuelt. Om det er naudsynt med motorisert ferdsel i samband med beiteaktiviteten skal det søkjast fylkesmannen om løyve.
- **§ 4.5** opnar for at jordbruksaktivitet på dyrka mark i plantefredingsområdet som var i bruk ved fredningstidspunktet kan halde fram. Motorferdsel i samband med jordbruksaktivitet på dyrka mark er også lov.
- **§ 4.6** gir rom for å sette opp gjerde som er naudsynt for tradisjonell drift, til dømes for beitedyr som går i verneområdet eller for å verne særskilt utsett avling. Det må her søkjast løyve dersom det skal nyttast motoriserte kjøretøy.
- **§ 4.7** nemnar at båt kan leggast på etablert båtplass.

- §4.8 opnar for opparbeiding av veg etter vegrett på gnr/bnr 188/1 til gnr/bnr 188/3. Om det nyttast motorisert ferdsel til dette arbeidet må det søkjast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### **5.2.5 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak**

I verneforskrifta § 5 er det nemnt aktivitetar og formål som forvaltningsmyndigheita kan tillate etter søknad. I vurderinga av slike søknader vil det bli lagt vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet. Alle dispensasjonar skal vere tidsavgrensa.

- § 5.1 Fylkesmannen kan blant anna gi løyve til motorisert ferdsel med ulike aktivitetar som er direkte lov. Dette gjeld drift og vedlikehald av grøfter som var i bruk på fredningstidspunktet (§ 4.2), beiteaktivitet (§ 4.4), inngjerding (§ 4.6) og opparbeiding av veg (§ 4.8). Det kan også givast løyve til motorisert ferdsel i samband med sinking av drivved og opprydding.
- § 5.2 opnar for merking og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og ferdelsvegar i verneområdet. Sør for utløpet til fjorden går det ei bru over vågen til Lundsø. Elles er det ikkje registrert stigar innanfor verneområdet.
- § 5.3 nemnar etablering av grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Dette kan bli aktuelt, men alternative løysingar må vurderast. Det skal ikkje leggast nye grøfteutløp som er i strid med verneformålet.
- § 5.4 opnar for avgrensa uttak av ved. Det er ikkje registrert store verneverdiar knytt til skogen i verneområdet, så det kan opnast for tynningshogst i alle skogsområde.
- § 5.5 opnar for opplag av båt på ny plass. Det er ikkje ønskeleg med opplag av båtar i verneområdet, og forvaltningsmyndigheita vil at eventuelle søkjrar leiter etter alternative plassar for slikt formål.
- § 5.6 opnar for uttak av sand, stein og grus til eige bruk. Vi har ikkje registrert interesse for slik uttak i Vågstranda plantefredingsområde. Uttak må berre vere av mindre omfang til privat bruk. Alle store og kommersielle uttak er forbode. Ved søknad om uttak må mengda som ein ønskjer å ta ut i tillegg til tidspunktet for uttaket gå fram. Det må leggast ved eit kart som viser området for ønska uttak. Ofte vil eit slikt tiltak medføre motorisert ferdsel. Dette må spesifiserast i søknaden. Vegetasjonen skal ikkje kome til skade. Om det bli gitt løyve skal den vere tidsavgrensa og angi eit kvantum, til dømes  $5\text{ m}^3$  per år.
- § 5.7 gir rom for sinking av tang og tare etter løyve. Det er ikkje rom for uttak til kommersielt bruk.
- § 5.8 opnar for å rydde unna busk- og trevegetasjon som hindrar jordbruket. Det gjeld også rydding av slik vegetasjon på beitemark.
- § 5.9 opnar for avgrensa bruk av verneområdet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement. Desse aktivitetane er i utgangspunktet forbode, jf. § 3. 4 i verneforskrifta. Mindre arrangement, som til dømes sankthansfeiring, kan få løyve, men er altså søknadspliktig. Vi gjer merksam på at det kan søkjast for ein lengre tidsperiode. Om det

skal brennast bål skal det søkast om løyve både hos forvaltningsmyndigheita og kommunen. Vi tolkar dette punktet slik at skuleklassar/barnehagar på sporadisk besøk ikkje treng løyve.

- § 5.10 opnar for anlegg for produksjon av østers ut over omfanget på vernetidspunktet.
- § 5.11 gir heimel for Kystverket til å anleggje naudsynte konstruksjonar innafor vernegrensa.

### 5.2.6 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta

§ 7 i verneforskrifta er ein generell dispensasjonsregel. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldloven, jf. §§ 8-12 (sjå vedlegg 2). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsregelen i § 7 i verneforskrifta er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldloven sin § 48.

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det naudsynt.

I avveginga mellom andre vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særleg leggjast vekt på verneområdet sin verdi for det samla nettverket av verneområde og om eit tilsvarende verneområde kan etablerast eller utviklast ein annan stad. Tiltakshavaren kan påleggast å bere rimelege kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarende område.

«*Dispensasjon i særlige tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet*» gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrringar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for søker og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Nauste naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne regelen.

«*Dispensasjon for arbeid av vesentlig samfunnsmessig verdi*» gjeld for tiltak som ikkje vart vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre givast under heilt særskilte forhold av nasjonal tyding. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for å gi dispensasjon med bakgrunn i denne regelen i saker som berre har lokal eller regional tyding.

### 5.2.7 Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Vågstranda plantefredingsområde.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt vert behandla etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje gjerast om av anna lovverk.
3. Nærare retningslinjer for sakshandsaming er gitt under dei enkelte brukarinteresser. Det er viktig at det i all sakshandsaming blir gjort ei samla vurdering i forhold til tiltaket sin verknad på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
4. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltningsloven. Direktoratet er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast Direktoratet for naturforvaltning via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vurderer om det framkjem nye saksopplysningar som tilseier at vedtaket kan

- gjerast om. Dersom fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt skal klaga sendast til Direktoratet for naturforvaltning for endelig behandling og vedtak
5. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Rauma kommune, Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsyn.

## 6 FORVALTNINGSPPLANENS SI GYLDIGHEIT

Forvaltingsplanen for Vågstranda plantefredingsområde gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er behov for det. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standarar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.

## 7 REFERANSAR

### Publikasjonar

- Artsdatabanken, 2010. Norsk rødliste for arter 2010
- Artsdatabanken, 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011
- Artsdatabanken, 2012. Fremmede arter i Norge – Med norsk svarteliste 2012
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning.
- Direktoratet for naturforvaltning, 2001. Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, rev. Februar 2010
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1997. Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, 49-50.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2001. Kartlegging av naturtyper – Fylkestilpassede faktaark for Møre og Romsdal
- Gaarder, G. & Hanssen, U. 2012. Kartlegging av naturtyper i verneområdene Hensøran, Nauste og Vågstranda i Møre og Romsdal. Miljøfaglig Utredning, rapport 2012:43. 36 s. ISBN 978-82-8138-618-1
- Holten et al., 1986:3A: Havstrand i Møre og Romsdal flora, vegetasjon og verneverdier, kap.5.
- Holten et al., 1986:3B: Havstrand i Møre og Romsdal; Lokalitetsbeskrivelser.
- Skog og landskap 2007. Marksslagsstatistikk for Vågstranda plantefredingsområde.
- Øien, Erik. 2005. Skogregistreringer Hensøran naturreservat i Vågstranda plantefredingsområde.

### Nettstader

Artsdatabanken, <http://www.artsdatabanken.no/>

Direktoratet for naturforvaltning: [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

Naturbase [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Lovdata [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

Miljøstatus i Norge [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

[www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no)

## Vedlegg 1 – Verneforskrift Vågstranda plantefredingsområde

### Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, vedlegg 10, freding av Vågstranda plantefredingsområde, Rauma kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 13, jf. § 9 og § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### § 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 185/1, 186/1, 188/1,2 og 3, 189/1,2,3,4,6,7 og 8, 190/1,2,3,4,5 og 7, 191/1,2 og 3.

Plantefredingsområdet dekkjer eit totalareal på ca. 544 dekar, av dette er ca. 423 dekar sjø.

Grensene for området går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002. Dei nøyaktige grensene for plantefredingsområdet skal merkast av i marka.

Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Rauma kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### § 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein brakkvasspoll, som er ein sjeldsynt naturtype med fleire sjeldsynte plantesamfunn.

#### § 3. Verneregler

For plantefredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler frå plantefredingsområdet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tömming av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
3. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
4. Bruk av plantefredingsområdet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
5. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

#### § 4. Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.

4. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
5. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
6. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
7. Opplag av båt på etablert båtplass.
8. Opparbeiding av veg etter vegrett på gnr./bnr. 188/1 til gnr./bnr. 188/3.

#### **§ 5. Eventuelle unntak etter søknad**

Forvalningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 4, 6 og 8, og sinking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdelsvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.
7. Tang- og taresinking.
8. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
9. Avgrensa bruk av plantefredingsområdet som angitt i § 3, pkt. 4.
10. Anlegg for produksjon av østers, ut over omfanget på vernetidspunktet.
11. Etablering av anlegg for Kystverket.

#### **§ 6. Ferdsel**

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av plantefredingsområdet.

#### **§ 7. Generelle dispensasjonsreglar NB! Erstatt med naturmangfaldlovens § 48 (sjå vedlegg 8.2)**

Forvalningsstyremakta kan gjøre unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

#### **§ 8. Skjøtsel**

Forvalningsstyremakta, eller den forvalningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det skal lagast forvaltningsplan som skal innehalde nærmare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 9. Forvaltningsmynde**

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

#### **§ 10. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## **Vedlegg 2 – Naturmangfaldlova**

### **Nokre viktige reglar i naturmangfaldlova**

#### **§ 4. (forvaltningsmål for naturtyper og økosystemer)**

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

#### **§ 5. (forvaltningsmål for arter)**

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av .

Forvaltningsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.

---

#### **§ 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)**

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

#### **§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)**

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

#### **§ 9. (føre-var-prinsippet)**

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

#### **§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)**

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

#### **§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)**

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

**§ 12. (*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*)**

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

---

**§ 48. (*dispensasjon fra vernevedtak*)**

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.


I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.


---

### Vedlegg 3 - Kart over planlagte tiltak i Vågstranda plantefredingsområde



## Vedlegg 4 - Kartutsnitt av naturtypefigurane i nordre del av Vågstranda plantefredingsområde


### Vågstranda i Rauma



**Figur 22:** Kartutsnittet er en forenklet fremstilling av naturtypefigurene som ble kartlagt i nordre del av Vågstranda verneområde. Fargekodene står for hovedtypene, og for mosaikkfigurer er det valgt å framheve den hovedtypen som dominerer andelsmessig. Forklaring av forkortelsene: L1 = landskapsdel – elveløp, L3 = landskapsdel – fjæresone-sjø, S2 = natursystem – fjæresone-skogsmark, S3 = natursystem – driftvoll, S5 = natursystem – strandberg, S6 = natursystem – stein-, grus- og sandstrand, S7 = natursystem – strandeng og strandsump, T23 = natursystem – fastmarksskogsmark, T3 = natursystem – åker og kunstmarkseng og T4 = natursystem – kulturmarkseng. Grensen til verneområdet er tegnet med rød linje (Gaarder og Hansen, 2012)..

## Vedlegg 5 - Kartutsnitt av naturypefigurane i søndre del av Vågstranda plantefredingsområde

### Vågstranda i Rauma



**Figur 23:** Kartutsnittet er en forenklet fremstilling av naturypefigurene som ble kartlagt i søndre del av Vågstranda verneområde. Fargekodene står for hovedtypene, og for mosaikkfigurer er det valgt å framheve den hovedtypen som dominerer andelsmessig. Forklaring av forkortelsene: L1 = landskapsdel – elveløp, L3 = landskapsdel – fjæresone-sjø, S2 = natursystem – fjæresone-skogsmark, S3 = natursystem – driftvoll, S5 = natursystem – strandberg, S6 = natursystem – stein-, grus- og sandstrand, S7 = natursystem – strandeng og strandsump, T23 = natursystem – fastmarksskogsmark, T3 = natursystem – åker og kunstmarkseng og T4 = natursystem – kulturmarkseng. Grensen til verneområdet er tegnet med rød linje (Gaarder og Hansen, 2012).

## Vedlegg 6 – Informasjonstavle Vågstranda plantefredingsområde

# VÅGSTRANDA plantefredningsområde



Målestokk



Sjø



Slett



Fjæra



Fjæra

Vågstrandas plantefredingsområde var opprettet i 1992. For første gang var det et område med brakkvasspell, som er en spesiell naturtype med høye spesifikke plantesamfunn. Plantefredingen omfatter også deler av de store brakkvassengene her. Det er ikke mulig å få til en fullstendig bestyrking av denne naturtypen, men det er et godt eksemplar av den. Det er ikke mulig å få til en fullstendig bestyrking av denne naturtypen, men det er et godt eksemplar av den.

### LANDSKAP

Området er et relativt vannrikt brakkvasspell med stort vannstrøm, utløpet. Denne næringen er definert av en østlig bølgende som har mye plavende sand som følger med vannstrømmen. Det er også planter av brakkvann fra Vågstrand, som inneholder en liten vannsøppel og en god rødtunge, naturtype. Slike planter finnes spredt langs hele systemet, men hovedparten finnes ved Rørvik og Kjørsvik.

Utanfor utløpet av pollent, beliggende strandlinja, verner mot blåtekts innvandring.

### VEGETASJON

Lengst nord ligg slettene strødflate med myke sten, strandeng. Dette er dominert av ulike art- og brakkvassenggrupper. På brakkvassengene finner vi en muskotan-dominerte parti. Den vanligste vegetasjonstypen er vasskjæring. Her finner vi de eneste kystsaltskogene i fjordene. Inst og alurt er langt inn i landet domineret av store brakkvassenggrupper, med myke planter, en god vika under vannet med smalnande og degraderende.

### DREIV


Alurtekketeknologi i området er fiskerkonkurranser og enkelte skjærfjellene, og raudslik og vikan på Øyan. Pollen er et viktig område for grønlandskalv, rørbær, isand og dvergvik. Sandvane blir observert enkelte vinter. Vågstrandens har oppgitt av blå og grønne poller har passende reproduksjon av sletter. Den er en del av en blått hatt med norgesspråket og dermed gode forhold for reproduksjon av sletter.



Vågstrand

Rørvik

Kjørsvik



### KULTURPÅVERKNADER

I enkelte partier er det gjort myte til betyr det at dette er kastet sammen. Det har vært flere oppdraget av astrologi, politi eller militære samlinger siden 1906.

### FORVALTNINGSPLAN

Det er ikke en forvaltningsplan, som gir nærmere informasjon om hvordan det skal håndteres. Etter planen er det aktuelle ting som kan planlegges mellom anna trivselsområder, betre eksponert tilgjengelighet, betre eksponert tilgjengelighet.

### VELKOMMEN TIL VÅGSTRANDA PLANTEFREDINGSSOMRÅDE

Vernet er ikke til hinder for tradisjonelt fiskefisk, sankting av bær, og matopp, og fiske. Vi vil beholde området.

- Visse områder til plantes- og dyrelivet. Vegetasjonen er freda mot stade og svindring.
- Respekterer at naturentrettsfredet er forbode.

I naturreservatet er det etterspørt mellom anna terrenginngraving, utbygging, utfylling, forsuring, ridning eller sykling, utstasjon, eksisterende stier og vegar.

- Vennligst ikke, og annen offisiell informasjon om Vågstrandens plantefredingsområde er også ut på vågstrand.no – [www.vågstrand.no](http://www.vågstrand.no)
- Skjøt også [www.naturvern.no](http://www.naturvern.no)

**Forvaltning, informasjon og oppsyn**  
Fylkeskommune Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde, Tlf: 71 25 80 00  
Statens naturvern, Tlf: 73 58 05 00  
[www.fylkeskommune.no](http://www.fylkeskommune.no) – [www.naturvern.no](http://www.naturvern.no)

## Vedlegg 7 - Sakshandsaming for forvaltningsplan for Vågstranda plantefredingsområde

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for Vågstranda plantefredingsområde i Rauma kommune vart sendt som brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 20.02.2012. Brevet vart sendt til grunneigarar, kommunen og andre brukargrupper. I same brevet, samt i ein annonse i Åndalsnes avis og Romsdals Budstikke, vart det invitert til eit informasjonsmøte den 08.03.2012 på Vågstranda oppvekstsenter. Maria Aastum og Jorunn Mittet Eriksen representerte Fylkesmannen i Møre og Romsdal på informasjonsmøtet.

Frist for innspel til arbeidet med høyringsutkastet vart satt til 23.03.2012. Høyringsutkastet vart sendt ut 28.09.2012 med frist for merknader 16.11.2012.

**Det kom totalt inn fem merknadar under prosessen:**

### **1. Nils Kvilekval, i brev av 14.november 2012**

Opplyser om at han har tinglyst vegrett over bruva mellom Lundsøy og Straume, og ber om at dette blir implementert i forvaltningsplanen.

Fylkesmannen sine vurderingar:

Opplysningene er lagt inn i kapittel 3.7 side 18 i forvaltningsplanen. Sjå også Fylkesmannen sine vurderingar av innspel nr 3 nedafor.

### **2. Royal Oysters AS v/Thorolf Magnesen, i brev av 15.11.2012**

Royal Oysters har delt inn sitt innspel i seks punkt:

1. Påpeiker at tilvekst av blåskjell ved innløpet fører til redusert tidevatn i pollen, som igjen fører til meir attgroing i vågen. Royal Oysters meiner tidevassutskiftinga bør overvakast og at det bør bli lagt til rette for å kunne auke vassutskiftinga.
2. Vasskvaliteten i pollen bør også overvakast, og særskilt oksygeninnhaldet i djupare vasslag. Produksjonsinnhald, artssamansetning, innhold av organiske og uorganiske partiklar, samt oppløyste stoffar, salinitet, temperatur og siktetdjup er enkle parametre å måle.
3. Attgroing av innløp og strandområde er ein større trugsel enn fysiske inngrep.
4. Akvakultur/havbruk er ikkje nemnt i eige avsnitt under brukarinteresser.
5. Royal Oysters meiner forbodet mot gjødsling utanfor dyrka mark, saman med forbodet mot fjerning av trær og buskar nær strandsona vil medføre redusert næringstilførsel til pollen, og er dermed ein trussel mot pollen som ein produktiv brakkvasspoll.
6. Sanking av tare og tang etter løyve bør også omfatte andre marine organismer.

Fylkesmannen sine vurderingar:

1. Vi er einige i innspelet, og legger til overvaking/fjerning av blåskjellbeltet i lista over skjøtselstiltak. Dette tiltaket vil bli prioritert høgt ved behov.
2. Dette er satt opp som tiltak for å oppretthalde bevaringsmål nr. 4 (sjå tabell 1 og 2 i planen). Kva som vil målast vil vere avhengig av tilgjengelege ressursar. Vi vil ikkje gå nærare inn på dette i planen.
3. At fysiske inngrep og forureining frå jordbruk, kloakk og anna utslepp utgjer dei største truslane for brakkvasspollar, er eit utsakn som gjeld generelt for brakkvasspollar, og er ikkje meint særskilt for Vågstranda. Attgroing er allereie nemnt under kapittel 2.5 «Truslar».
4. Vi er einige i at akvakultur og havbruk bør vere eit eige avsnitt under brukarinteresser. Dette er endra på (kapittel 3.6).
5. Det meste av arealet i Vågstranda plantefredingsområdet er vatn. Berre små areal av jordbruket på Vågstranda er innafor vernet og vil såleis ha eit forbod mot gjødsling. Gjødsling kan uansett føre til ei endring i artssamansettinga i strandengene, og ville ikkje vere i tråd med verneføremålet. Det er ikkje eit absolutt forbod mot fjerning av trer og buskar innafor verneområdet, men det må søkjast om løyve. § 5.4 i forskrifta opnar for avgrensa uttak av ved. Det står vidare under dette punktet at vi i dag ikkje har registrert store verneverdiar knytt til skogen i verneområdet, og det kan opnast for tynningshogst i alle skogsområde. Desse reglane vil ikkje utgjøre ein trussel mot pollon som ein produktiv brakkvasspoll.
6. Det er her referert til § 5 punkt 7 i forskrifta, om eventuelle unntak etter søknad. Dette gjeld berre tang og tare. Vi understreker likevel at dette er eit plantefredingsområde. Forskrifta regulerer ikkje uttak av vilt/dyr.

### **3. Bitten Kvilekval, brev av 12.11.2012**

Kvilekval ber om at dette inkluderast i planen: «Vedlikehald av vegen og av bruа tilhøyrande gnr 188/1 til 188/3 kan utførast utan søknad til fylkesmannen i Møre og Romsdal». I tillegg påpeiker ho at formålet å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredningstidspunktet står ved lag, og at dei kan ta til med rydding og hogst langs strandlinja til gbnr 188/1.

#### Fylkesmannen sine vurderingar:

I følgje verneforskrifta § 4 punkt 2 er «*Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet*» unntak frå vernereglane. Vedlikehald av vegen og bruа tilhøyrande gnr 188/1 og 188/3 går inn under denne paragrafen, og er dermed tillatt utan søknad. Dette er lagt inn i kapittel 3.7 side 18 i forvaltningsplanen. Slik som forskrifta er formulert i dag, opnar den ikkje for motorferdsel på vegen. Dette meiner vi må vere ein feil, og at eigedommane med dokumentert vegrett må kunne nytte denne vegen for tilkomst til eigedommane sine. Vi vil difor gå inn for å endre verneforskrifta og få inn i forskrifta eit unntak om motorferdsel på vegen og bruа tilhøyrande gnr 188/1 og 188/3.

Eventuell rydding og hogst på eigedomen må søkjast om til fylkesmannen, og vil i kvart tilfelle vurderast opp mot verknader på dei viktigaste verneverdiane. Som nemnt i plana vil det for Vågstranda plantefredingsområde vere positivt å opne landskapet.

### **4. Rauma kommune, sendt per e-post av 04.12.2012:**

- Utsagnet «Likevel er alt vilt freda i Noreg året rundt i følgje viltloven og naturmangfaldloven» bør presiserast
- Vernemyndigheita bør stå som ansvarleg ved tynning/hogst i plantefredningsområdet, medan grunneigaren beheld virket
- § 8 i naturmangfaldlova blir nemnt som Føre-var prinsippet, men dette er kunnskapsgrunnlaget
- Hausting av tang og tare står under overskrifta jakt og fiske. Dette verkar ulogisk og endring av overskrift eller kategori for hausting av tang og tare bør vurderast

Fylkesmannen sine vurderinger:

- Utsagnet er endra i teksten (sjå kapittel 2.4.2)
- Vi har endra formuleringa i teksten under kapittel 3.2 side 16 som følgje av innspelet
- Feilen er retta opp i den godkjente planen
- Hausting av tang og tare er i den godkjente planen lagt inn under kategorien «Hausting av artar»